ALVER
KOMMUNE

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 08.08.2023 |
| Vår: 22/5849 - 23/61947 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 188/384, 188/416 og 188/421 Gjervik ytre

| | |
| --- | --- |
| Tiltak: | Bustadbygg i BKB2 |
| Byggjestad: | Gbnr: 188/384 |
| Tiltakshavar: | Orion Prosjekt As |
| Ansvarleg søkjar: | Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om igangsetjingsløyve 10.07.2023.

Tiltaksplan for forureina grunn er oversend Miljø og tilsyn for behandling. Vedtak er fatta 20.07.2023.

**Vi trengmeir dokumentasjon i saka**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vilkåra for å gje igangsetjingsløyve er ikkje oppfylt, jf. rammeløyve datert 24.02.2023. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nødvendig sikkerhetsstillelse i samsvar med punkt 5.7 i utbyggingsavtalen.
2. Materialpalett og konsept for estetisk utforming av bygningane, jf. vilkår 3.

Vi viser elles til godkjend tiltaksplan for forureina grunn gitt i vedtak datert 20.07.2023 i sak 23/5764. Vi legg til grunn for vidare behandling av søknaden om igangsetjingsløyve at vilkåra i vedtaket vert oppfylt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 4 veker, dvs. **05.09.2023** . Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**GENERELL INFORMASJON**
**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**
Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Anne Lise Molvik |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Orion Prosjekt As | Postboks 449 Nesttun | 5853 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |